

Wattn tek opp konkurransen i straummarknaden med ei sterk satsing på berekraft, lokalt engasjement og innovative løysingar.

Det nye straumselskapet Wattn skapt av TAFJORD, Sogn og Fjordane Energi, Tussa og Sognekraft er no lansert på straummarknaden med heilt nye produkt og tenester.

- *Det er veldig kjekt å endeleg kunne vise fram alle dei nye spennande løysingane vi har utvikla for smartare bruk av straum. Smart teknologi er eit viktig satsingsområde for oss, då framtida stadig blir meir elektrisk. Med auka bruk av straum og høge straumprisar er det desto viktigare for miljøet og lommeboka at straumen vert brukt smart. Vi har derfor lansert løysingar som skal gjere det lettare for kundane og både spare pengar og bidra positivt til miljøet,* seier CEO i Wattn, Øystein Vikingsen Fauske.

Smart teknologi gir smart straumforbruk

Ein ny kundeapp og bedriftsportal er på plass for å gi både privat – og bedriftskundar innsikt og kontroll over eige straumforbruk gjennom prisvarsling, prognosar og analyser. Wattn tilbyr også tilleggstenester som sikrar eit endå smartare straumforbruk.

Med eit WattMeter kopla i straummålaren, kan både privat -og bedriftskundar få sanntidsdata om straumforbruket sitt i appen eller bedriftsportalen. Då har kunden til ei kvar tid oversikt over kor mykje straum som blir brukt, og kva den kostar. Har du elbil, sikrar Smart lading at elbilen vert lada når straumprisen er lågast. Dette vil fungere uavhengig om kunden har heimeladar eller ikkje.

- *Så enkelt kan ein oppdage unødvendig straumforbruk og gjere noko for å spare både klimaet og lommeboka. Det er lettare å spare når ein veit kor mykje ein brukar»,* seier leiar for produkt og tenesteutvikling, Christian Aasebø.

Frå 1.januar vil selskapet også tilby varslingstenester når den nye nettleigemodellen vert innført. Modellen vil vere til fordel for kundar som tilpassar forbruket sitt til når det er minst belastning på straumnettet. Nøkkelen vil ligge i eit jamt straumforbruk, og dette kan kundane enkelt overvake, tilpasse og redusere i appen.

Sjølv om Wattn no satsar stort på digitale løysningar, skal kundane fortsatt møte erfarte medarbeidarar frå eit kundesenter som fleire gongar har vunne prisar for beste kundeservice.

Lokalt engasjement

Med seg har Wattn ei sterk lokal forankring frå eigarane sine, der samfunnsansvar og lokalt engasjement har stått sterkt. Dei er no klare for å ta ein tydeleg posisjon i straummarknaden som ein ansvarsfull pådrivar for ei berekraftig elektrisk framtid med eit glødande lokalt engasjement.

- *Namnet vårt, Wattn, viser kva vi driv med, kvar vi kjem frå og med den framoverlente logoen, kvar vi er på veg. For målet er ikkje å bli stor, men å bli stor nok til å gjere ting betre for kundane våre, for lokalsamfunna og for miljøet,* avsluttar Fauske.

Vedlegg:**Om Wattn**

Wattn er eit nytt og spennande straumselskap med framtidsretta produkt og tenester som fokuserer på smart teknologi og berekraft. Gjennom gode løysingar ynskjer vi å gi kundane betre innsikt og kontroll over kostnadene og forbruket. Wattn har 50 tilsette fordelt på kontor i Ålesund, Sandane, Førde, Florø, Ørsta, Stryn og Vik i Sogn, og vil fortsette med å vere like lokale som tidlegare, berre med eit endå større kompetansteam.

Wattn er eigd av TAFJORD (38,07%), SFE (27,50%), Tussa (19,03%) og Sognekraft (15,40%). Det er selskapa som driv med rådgjeving og sal av straum i dei fire konserna som har slått seg saman. Dei resterande selskapa i dei fire konserna er ikkje omfatta av samarbeidet og vil halde fram som før.

Kontaktinformasjon:

Øystein Vikingsen Fauske, CEO, Wattn AS
Telefon: 924 61 952
Epost: oystein.vikingsen.fauske@wattn.no

Christian Aasebø, Leiar for produkt- og tenesteutvikling, Wattn AS
Telefon: 900 14 000
Epost: christian.aasebo@wattn.no